

Vinje Senterparti – Kommuneprogram 2023–2027



HEILE VINJE

sp.no/vinje

Ideologi

Senterpartiet vil ha eit samfunn med frie sjølvstendige menneske som med tru på eigne evner, tek ansvar for sitt eige liv, for fellesskapet og natur og miljø. Partiets menneskesyn byggjer på det kristne verdigrunnlaget og humanistiske verdiar i pakt med dette. Kvart menneske er unikt og uerstatteleg, og respekten for menneskeverdet er overordna andre verdiar.

Senterpartiet arbeider for desentralisering av makt, kapital og busetjing. Senterpartiet vil bygge samfunnet nedafrå. Førersetnaden for eit levande folkestyre er nærliek, likeverd og korte avstandar mellom dei som tek avgjerd og dei som avgjerala får verknad for.

Senterpartiet vil desentralisere makt slik at flest mogleg kan vera med i samfunnsutforminga. Fellesskap og likeverd mellom folk inneber at makt, kapital og eigedom bør spreiaast på mange hendar.

Senterpartiet vil sikre den private eigedomsretten. Tryggleik rundt retten til eigedom er viktig for den einskilde og utviklinga i eit land.

JA til Vinje

Vinje Senterparti er imot ei ny kommunereform. Kommunereform er i utgangspunktet ei reform for sentralisering og som fører med seg svekka lokalt sjølvstyre.

Vinje kommune er ein robust kommune med eit godt tenestetilbod til innbyggjarane. Med dei geografiske avstandane me har i Vinje og til nabokommunane, vil ei samanslåing føre med seg ulemper for kommunens innbyggjarar. Det vil svekke lokaldemokratiet då det blir færre folkevalde og lengre avstandar til kommunesenter. Fleire av tenesteytingane til kommunen, så som eldreomsorg, skule og barnehage med meir, blir best løyste gjennom nærliek til brukarane. Ei kommunesamanslåing kan føre med seg at desse tenestene blir svekka lokalt, då det blir større konkurranse om ressursane.

Vinje Senterparti er garantist for at Vinje kommune held fram som eigen kommune i framtida.

Næringsutvikling

Vinje Senterparti meiner næringsutvikling er rota til alt godt. Det å trygge næring og skape ny næring i Vinje kommune og regionen, tryggar busetting. Det igjen fører til auka aktivitet på andre område.

Vinje kommune har i dag eit rikt næringsliv. Store næringar er reiseliv, handel, landbruk, industri i Qmatec, handverkartenester og service. Det er både store og små verksemder, og det er verksemder innan andre næringssgrupper, som t.d.

Rehabiliteringssenteret AiR og kulturarbeidsplassar. Vinje har også mange innbyggjarar som pendlar. Vi må ha tre fokus samstundes: Trygge eksisterande næring, støtte vekst i eksisterande næring og støtte etablering av ny næring.

Reiselivsnæringa er ei viktig næring i kommunen, og den gjev viktige inntekter til næringslivet og sysselsett mange - direkte og indirekte. Vinje Senterparti vil stø opp om tiltak som utviklar Vinje kommune som reisemål. Den hytteutbygginga som har vore i kommunen fram til no, har vore viktig for reiselivsnæringa. Det er fordi hyttene har skapt eit volum med folk til reiselivet. Det skaper verdiar til næringslivet i kommunen gjennom mellom anna sal av skiheiskort, butikkhandel, servering, vegvedlikehald, sal av ved, handverkartenester, vaktservice, kulturnæring med vidare.

Vinje Senterparti vil:

- Lytte til næringslaga og arbeide for dei tinga som næringslaga meiner er viktige. Det offentlege næringsapparatet må ha eit tett samarbeid med næringslivet.
- Respektere dagens kommunedelplan for Vågslid. Vågslid er framleis satsingsområde for utbygging av hytter. Likevel vil omsynet til villreinen vega tyngre enn hytter. Tiltak for å oppnå ein betre kvalitetsnorm for villreinen kan setja grenser for nye hytteområde i Vågslid.
- Respektere dagens kommunedelplan for Rukkemo-Torvetjønn, der det ikkje er lagt ut nye områder for regulering til hytteutbygging, og der det er sagt nei til fortetting av eksisterande hyttefelt.
- Vera restriktive til hytteutbygging i kommunen utom satsingsområdet Vågslid.
- Stø opp om reiselivsnæringa og tiltak for utvikling av reiselivsmåla i kommunen.
- Legge til rette for kontorfelleskap i kommunen.
- At kommunen skal legge til rette for at verksemder får naudsynt næningsareal. Kommunen bør finne meir ledig areal til føremålet næring/industri i alle delar av kommunen.

- Syte for å ha eit landbruk som hjelper til å oppretthalde produksjonen til meieriet i Haukelid.

Landbruk

Vinje Senterparti er svært opptekne av at Vinje skal ha eit levande landbruk og ser den store verdien landbruket har for heile samfunnet, både med arbeidsplassar, og med eit levande kulturlandskap. Utan beitedyr gror bygdane att.

Vilje Senterparti vil:

- Styrke tradisjonsmatproduksjon i kommunen og regionalt.
- Gje stønad i samband med generasjonskifte og overdraging av gardar.
- Oppretthalde gode rådgjevingstenester.
- Ordninga med landbruksvikar skal vidareførast slik som den er i dag.
- Syte for at det er kommunale støtteordningar for oppatt-grøfting av gamal eng og dyrking av ny jord.
- Fortsetje å gje stønad til driftsbygningar, No-fence utstyr, Enøk-tiltak og andre ting som landbruket treng i si utvikling.
- Stø utvikling av skognæringsa. Utfordre næringa til å nytte ut dei ressursane me har med vår unike skog, beståande av seinvaksen gran med sine særegne eigenskapar.
- Stø landbruket i overgangen til moderne, klimavenleg teknologi.
- Auke fokuset på grøn matproduksjon. Klimamessig er det mogeleg å ha både potet/grønnsak/bærproduksjon i Vinje kommune.

Folketalsutvikling

Vinje Senterparti meiner at ei vekst i folketalaet i kommunen er avgjerande for at kommunen skal vere berekraftig i framtida. Alderssamansettina i kommunen må vera slik at vi har nok arbeidskraft til dei jobbane som må gjerast. I år 2040 vil talet på 80-åringar (80+) doble seg frå i dag. Det heng saman med at det var relativ små barnekull i tida 1930-1945 – då det var dårlege tider. Så er det relativt store barnekull i åra etter 1945. Dei store barnekulla i tida 1946 – 1960 saman med auka levealder, skaper denne demografiutviklinga. Då er det lurt å samstundes få vekst i innbyggartalet i Vinje med fleire i aldersgruppa 0-60 år. For å oppnå det, må kommunen ha tilflytting som er høgare enn fråflyttinga. Det er viktig med fødselsoverskot, men det åleine vil ikkje løyse utfordringa med alderssamansettina til innbyggjarane. Vinje Senterparti sitt hovudmål er folketalsvekst gjennom auka tilflytting.

Vinje Senterparti meiner at det viktigaste tiltaket for å få positiv tilflytting er ein bustadmarknad i rørsle. Det er underskot på arbeidskraft i kommunen, slik at hovudutfordringa for folketalsutvikling er ikkje fleire arbeidsplassar, men fleire bustader. Er det ikkje mogleg å busette seg i Vinje, får kommunen ikkje fleire innbyggjarar med fleire arbeidsplassar. Demografirapporten «*Det handler om Norge*» NOU 2020:15 peikar på nettopp bustadmarknaden som avgjerande for å lukkast med folketalsutvikling, og at distriktskommunar må vere ein aktiv bustadpolitisk aktør fordi bustadmarknaden regulerer ikkje seg sjølv, slik som i meir folkerike område. For at bustadmarknaden skal fungere og røre på seg, vil Vinje Senterparti skape ein attraktiv bustadmarknad med tidsmessige og varierte bustader.

Det har skjedd mykje positiv bustadutvikling dei siste 8 åra, med bustadar som er ferdigstilte eller under arbeid. Vinje Senterparti vil forsterke dette dei neste 4 åra. Vinje Senterparti vil bruke verkemiddel for at det kjem fleire bustader av ulike slag som leilegheiter, bustadhus (restaurere gamle og byggje nye), småbruk, småhus, prøvebustad og prøvesmåbruk og omsorgsbustader. Vi må ha bustader til eige og til leige. Vi må unngå at hus og småbruk står tome.

Vinje Senterparti vil:

- Vera positive til å kjøpe ein eller fleire bueiningar i bustadprosjekt private aktørar bygger. Slik kan kommunen avlaste noko risiko for den private, samstundes som det kan forsterke talet på bueiningar i prosjekt. Offentleg-privat samarbeid bør vere hovudstrategien til kommunen.
- Byggje bustader i kommunal regi.
- Arbeide for ei ordning der ein får momsen refundert ved byggjing av nye bustader.
- Legge til rette for at det er nok opparbeidde bustadfelt i alle delar av kommunen.
- Etablere eit bustadfelt for småhus i kommunen.
- Vidareføre tilskot til enøkt tiltak og aktivt bruke Husbanken sine tilskotsordningar for nybygg og istandsetting.
- Halde fram med å vere ein aktiv Startlån-kommune.
- Stø opp om prosjektet Ljos i gamle hus inklusiv ordninga med å prøvebu småbruk.
- Stø opp om bygningsvernsenteret i Eidsborg.
- Stø opp om småbruksprosjektet for å omsetje småbruk som står tome.
- Vidareføre nullkonsesjonsordninga slik at det er buplikt på bustadhus.

- Byggje nye omsorgsbustader i Åmot, og utvide talet på slike i Norheimstunet.
- Byggje ein prøvebustad til i kommunen.

Klima og miljø

Vinje senterparti ynskjer å fylgje opp tiltaka i felles klimaplan for Vest- Telemark, kommunale ordningar for å stø opp om private og næringsverksemder som gjennomfører Enøk- tiltak, arbeide for klimatilpassing av kommunal infrastruktur. Arbeidet med å betre vilkåra for villreinen på Hardangervidda er noko Vinje Senterparti støttar. Vinje som nasjonalparkkommune har eit stort ansvar for å ivaretaka vilt og fauna som høyrer Hardangervidda og randsona til.

Vinje Senterparti vil:

- Sjå på beitedyr som ein klimaressurs. Eit ope og beita landskap bidreg til karbonfangst og biologisk mangfold.
- Stø opp om vidare satsing på ladestasjonar for elbil i kommunen.
- Auka satsing på kanalisert ferdsel. Opparbeide fine turområde der folk har mogelegheit til å raste med bål og søppelhandtering. Universelt utforma så det er lett for småbarnsfamiliar og folk med ulike handikap å ta seg dit.
- Arbeide for å halde trekkvegane og beiteområda i ro for villreinen. Stenge eller oppfordre til at det i nokre område ikkje skal vera menneskeferdsel i dei sårbar tidene om ettervinteren når simlene går kalvtunge og det er vanskelig med mat.
- Støtte nærings- og landsbruksaktørar som legg om til meir klimavennleg drift.
- Sjå på løysingar som bidreg til at innbyggjarar i kommunen leverer inn gamle køyretøy som stend og forfell. Dert er lite fint estetisk, men ikkje minst er det uheldig for miljøet.
- Nyte norsk tre i nye og ombygde kommunale bygg.
- Bidra til at grunneigarar som vil hogge ut og plante ny skog, får råd og rettleiing frå kommunen, då ny skog fangar meir CO₂ enn utvaksen eller skog som rotnar.
- Vinje senterparti ynskjer ikkje vindkraft i kommunen. Vinje har allereie sett av store areal til kraftproduksjon, grøn vasskraft. Noko me meiner er eit godt bidrag inn til det grøne skiftet.

Oppvekst

For å bidra til busetjing i grondene i Vinje kommune også i framtida, må born og unge få gode opplevelingar i oppveksten.

Senterpartiet ynskjer at Vinje kommune og Vinjeskulen leverar god fagkompetanse og kvalitet, som gjev høg meistring, læring og trivsel.

Vinje Senterparti vil:

- Sikre eit trygt og godt læringsmiljø i barnehage og skule.
- Oppretthalde den barnehage- og skulestrukturen som er i Vinje kommune i dag
- Halde fram med matansvarleg i barnehagane og ordninga med eit sunt skulemåltid.
- Halde fram med gratis SFO for alle i 1. og 2. klasse.
- Gje SFO-tilbod til elevar i femte til sjuande klasse på fritorsdag (torsdag i oddetalsveker).
- Vil arbeide for at digitale undervisningsopplegg kjem på både målformer samstundes.
- Gjennomføre naudsynte trafikksikringsprosjekt langs dei vegane born ferdast, slik at alle elevar får ein trygg skuleveg.
- Sikre gode og funksjonelle barnehage-/skulebygningar.
- Sikre at alle elevar på Vest-Telemark vidaregåande skule får den skuleskyssen dei har krav på.
- Sikre at ungdomar får lærplingplassar i kommunen. Rekruttering er viktig for bedrifter og busetnad.
- Prioritere å seta av midlar til bruk på "grøne" læringsarenaer for born og unge som treng ein litt annleis skulekvardag, slik at dette kan godt gjerast bonden. Dette for å få eit best mogeleg tilbod til eleven og for at bonden skal, over tid, kunne tilby denne tjenesten. Og at tilbodet gjerne blir aktuelt på fleire gardar i kommunen slik at alle elevar som treng det kan få eit tilbod, uavhengig av kvar dei går på skule.

Ungdom og fritid

Gode fritidstilbod for barn og ungdom er viktig. Det skal vera godt å vekse opp i Vinje kommune. Me må stø opp om idrettslag, kulturskule og andre lag, organisasjonar og møteplassar skapt gjennom friviljug arbeid. Ferietilbod og ferieaktivitetar for ungdom har vore særsvellukka, og må vidareførast. På denne måten vil kommunen gje ungdom ferietilbod – utan omsyn til familiens økonomi. «Heim for 50» er eit viktig tiltak for trygg ferdsel for ungdom, og må vidareførast.

Vinje Senterparti vil:

- Sikre at kulturskulen har eit omfang minst like omfattande som i dag.
- Vidareføre og vidareutvikle ordninga med ferieaktivitetar for ungdom i kommunal regi. All ungdom skal få tilbod om innhald i ferien.
- Oppretthalde og utvikle dagens ordning med løpenettet for snøskuter.
- At ordninga med summararbeid for ungdom skal halde fram.
- Ha god dialog med ungdomsrådet.
- Syte for at det er ungdomsklubbar i alle tre bygdesentra, og leggje til rette for at ungdom kan vitje klubbane på tvers av kommunen.
- Styrke forholdet mellom ungdomane i kommunen gjennom felles arrangement.
- At ungdom i Vinje skal ha eit trygt alternativ for å koma seg heim etter modell frå "heim for 50", og arbeide for at ordninga kan gjelde på tvers av kommunegrenser.
- SLT-koordinator gjer ein viktig førebyggjande jobb, og dette må halde fram med minst like stor styrke som i dag. Stø opp om rusfrie arrangement, og politiets sitt forebyggjande arbeid mot rus og kriminalitet.
- Oppretthalde og vidareføre den gode kontakten som er mellom dei friviljuge organisasjonane og kommunen.
- Utvikle hotelltomta i Åmot til ein innbydande samlingsstad både for fastbuande og tilreisande, i alle aldrar.

Kultur

Vinje har ein kulturarv som ein må ta vare på. Kultur er ikkje stillstand, men utvikling. Det gjev eit rikt og mangfoldig kulturliv. Kulturlivet gjev noko til alle aldersgrupper – og det gjev arbeidsplassar.

Kulturskulen og dei friviljuge organisasjonane, er viktige element. Språket er ein viktig del av kulturen vår. Vinje er ein nynorskkommune. Det må koma fram i all kommunal verksemd.

Vinje Senterparti vil :

- Stø opp om Vinjesenteret sine aktivitetar.
- Uteområdet rundt Vinjar og senteret må rustast opp i samsvar med planane.
- Vinjar må få nødvendig istrandsetjing, slik at bygget blir tenleg for Vinjesenteret.
- Forsvarsmuseet må få ressursar, slik at det kan utviklast vidare. Det arbeidet som går for seg her, fortel om ein del av vår nære historie, i ei tid som framleis er merkt av ufred i verdsdelen vår.
- Veteranplanen må førast vidare.
- Arbeidet med bygningsvernssenteret må halda fram.
- Kulturminneplanen for Vinje må fullførast.
- Det må arbeidast vidare med planane om eit Kunsthus på Rauland.
- Marknadsføring og merkevarebyggjing av Vinje skal skje på nynorsk.
Reiselivsselskap som har kommunen som samarbeidspartner, bør kommunisere på nynorsk.
- At nynorsk skal vera eit varemerke for bygdene våre.
- Stø kulturskulen.
- Vera med på verdsarvsatsinga på Møsvasstangen
- Stø opp om frivilligarbeidet.

Helse og omsorg

Vinje kommune skal vera ein god kommune å bu i uansett alder, funksjonsnivå eller livssituasjon. Vi skal ha god kvalitet på helse- og omsorgstenestene i kommunen. I samband med samhandlingsreformen vil vi arbeide for at Vinje kommune når måla i reformen.

Vinje senterparti vil:

- Arbeide for ei heilskapleg organisering av kommunens helse- og omsorgstenester.
- At alle skal kunne bu heime så lenge dei ynskjer, men få eit godt og eigna tilbod når dei har trong for t.d. omsorgsbustad eller sjukeheims plass. Ei kompetent og verdig eldreomsorg.
- Utvikle og nytte velferdsteknologi til beste for både brukarar og helsetenestene. Gjera kommunen meir tilgjengeleg digitalt både for gamle og unge.
- Arbeide for helsefremjande og førebyggjande arbeid for born og unge.
- Å utvikle samarbeidet mellom offentlege tenester og friviljuge organisasjonar.
- Fysisk aktivitet som helsefremjande og førebyggande tiltak.

- Arbeide for å få ein base for luftambulanse i Vinje.
- Arbeide for god landambulanse med god responstid i kommunen.
- Styrke tiltak innan psykisk helse og rus.
- Å gjennomføre modellen med hovudkontor for legar i Åmot og doktordagar i Edland og på Rauland.
- Setja større fokus på mat og matglede for eldre i kommunen. Både til dei som bur på institusjon, men og for dei som bur heime. Auke fokus på lokalmat og mathelse.
- Auke bevisstgjeringa i befolkinga rundt ultraprossesert mat, og det viktige med eit råvarebasert kosthald som eit forebyggjande tiltak.
- Arbeide vidare med desentralisert sjukepleiarutdanning saman med USN.

Integrering

Mottak og integrering av flyktningar er ei viktig samfunnsoppgåve. Det er eit kommunalt ansvar i ein nasjonal dugnad.

Vinje senterparti vil:

- Fortsetje å ta imot og integrere flyktingar.
- Støtte opp om det gode arbeidet Vinje Kommune har gjort for å busetje og integrere flyktingar, og sjå til at det vert vidareført.
- At vaksenopplæringa skal bruke nynorsk og alt lærermateriellet skal vera på nynorsk.
- At me skal ta i bruk heile kommunen når det gjeld busetting av flyktingar.
- Arbeide for ordningar slik at flyktingane kan ta førarkort.

Samferdsel

Vinje Senterparti meiner at god og moderne samferdsel er ei av dei viktigaste verkemidla ein kan ha i distrikta for å få til ei positiv utvikling i næringsliv og folketal. For Vinje kommune vil E134 og Høgfartsbane over Haukelifjell vera avgjerande rammevilkår for å sikre nye og etablerte arbeidsplassar, samt å skapa ei positiv folketalsutvikling i framtida.

E134: Vinje Senterparti vil arbeide for vintersikker veg mellom Austlandet og Vestlandet og vil halde trykket oppe for fortsatt høg prioritering i NTP og snarleg gjennomføring.



Dette vil gje det beste trafikkgrunnlaget og den beste samfunnsøkonomiske lønsemd for ei så stor samferdselsinvestering, og dermed størst positive ringverknader også for Vinje kommune.

Vinje senterparti vil:

- Fortsetje å arbeide med utbetring av strekninga mellom Åmot og Vinje kyrkje.
- Arbeide for gang- og sykkelveg mellom Vinjeflaten og Åmot.
- Finansiere gang- og sykkelveg Austbø – Krossen i 2024.
- Arbeide for oppgradering og vedlikehald av fylkesvegane, som har eit stort etterslep på vedlikehaldet. Me vil også halde fram med gang-og sykkelvegar der det er behov for det.
- Dei kommunale vegane skal ha god standard, og me vil setje av nok midlar til kommunale vegar slik at planen for kommunale vegar kan gjennomførast.
- Arbeide for å oppretthalde og styrke busetnaden i alle delar av kommunen. For å oppå dette, vil vi vera positive til å støtte initiativ og tiltak for å betre den kritiske infrastrukturen i dei veglause delane av Mösstrond.

Vinje Senterparti meiner utbygging av Notodden flyplass er positivt for regionen.

USN

Universitetet Sør-Aust Noreg tilfører kommunen høgkompetansearbeidsplassar, studentmiljø og kompetanse. Rauland har ein sterk posisjon som studiestad. Vinje kommune skal vera ein god vertskommune for Universitetet og studentane.

Vinje senterparti vil:

- Fylgje opp studentmeldinga for å legge til rette for eksisterande, og trekke nye studentar til Rauland.
- Halde fram med å vidareutvikle samarbeidet mellom kommunen og USN med forskingsprosjekt og doktorgradstipendiatar.
- Arbeide for at USN får eit studium innan folkedans.

Økonomi

Vinje kommune har ein god økonomi, men det er òg utfordringer i kommuneøkonomien. Vinje Senterparti ynskjer å bruke pengar på oppfylling av punkta i valprogrammet. Ein del av dette er finansiert i budsjettet i dag, og noko kan gjerast med små justeringar i budsjettet. Noko må finansierast ved å auke inntektene og/eller prioritere bort andre ting. Fleire prosjekt vil ha tilgang på eksterne midlar.

Vinje senterparti vil:

- Ikkje innføre generell eigedomsskatt.
- Meiner at auka aktivitet i næringslivet vil føre til auka skatteinntekter til kommunen. Næringsutvikling må difor ha høg prioritet.
- At kraftinntektene vert forvalta til det beste for kommunen og innbyggjarane til ei kvar tid. Me vil at inntektene vert disponert på ein måte som gjer kommuneøkonomien føreseieleg , og at i periodar med høg straumpris vert det nytta refusjonsordningar til innbyggjarane og næringslivet.
- Vera varsam med å ta opp ny lånegjeld.

Kyrkja

Vinje Senterparti vil vera ein god vertskommune for den norske kyrkja.

Senterpartiet – Nær deg

Vinje Senterparti vil arbeide for at alle dei tenester me har bruk for skal vera nær oss. Me vil ikkje godta sentralisering av den eine tenesta etter den andre.

Me vil arbeide for å behalde dei vidaregåande skulane våre. Kollektivtilbodet ute i distriktet må ikkje svekkast. Me vil ikkje at helsetilbodet i regionen blir svekka.